

**Kommunen har no gjeve Svein Ottar Rørheim løyve til å fjerna steingard, sprengja 2 fjellknausar og dyrka nytt areal. Tiltaka vil auka forgrunlaget og letta haustarbeidet på bruket.**

Steingarden er til nedfalls og har ingen funksjon som gjerde. Fjellknausane på same beite er til hinder for rasjonell bruk av arealet, som det tidlegare er gjeve løyve til å dyrka. Løyvet vart gjeve i 1998 men ikkje gjennomført den gongen. Nå satsar Rørheim altså på gjennomføring.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området, men steingarden bør oppmålast og fotografert før fjerninga. Hvis det kjem fram funn eller konstruksjonar må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding.